

Setesdal for første gong med koordinert mineralframstøt:

Samla mineralnæringa i Hamburg

Mineralnæringa i Setesdal gjorde i helga for første gong eit koordinert framstøt for å lokke turistar til å kome til nedre Setesdal for å besøkje dei ulike tilboda for mineralinteresserte. Dei var på ei messe i Hamburg som samla 23.000 menneske over tre dagar.

Tekst: Ørjan Hatteberg
Foto: Alf Andersen

Nedre Setesdal Reisetrafikklag har i gong eit prosjekt for dei som driv med reiseliv og gruver i Iveland og Evje og Hornnes kommunar. Gjennom det nye selskapet Setesdalsgruvane skal dei prøve å få til eit samla tilbod til mineralturistane som vil kome hit. Med i selskapet er Flåt gruve og Evje mineralsti på Evje og gruvane Knipan, Slobrekke, Steli, Solås og Kjorkja i Iveland.

Hadde brosjyrar også frå Mineralparken

Setesdal Mineralpark er ikkje med i prosjektet, men dei deltek med brosjyrar og materiale på messa i

Hamburg. Prosjektleiar Per Svein Holte i Nedre Setesdal Reisetrafikklag fortel at Vegard Hansson i Mineralparken synest det var interessant å samarbeide om messa. Holte ser ikkje vekk frå at også Mineralparken kan bli med i prosjektet etter kvart.

Forprosjektet skal avsluttast etter sommaren, og innan dess er det planlagt at gruvane skal ha stabla på beina ein levedyktig organisasjon som dei sjølv styrer.

Messa i Hamburg er ei årleg mineralmesse, og er den største i Nord-Tyskland. Her samlast folk som er spesielt interesserte i stein og mineral, og det er mykje kjøp og sal av steinar på denne messa.

Mange av dei som kjem på messa er interesserte i å lære seg om geografiske område, og vil gjerne reise sjøl for å leite etter mineral ulike stader. Difor nådde vi her først og fremst fram til potensielle turistar som vil reise ein stad for geologiens skuld, meiner Holte.

Han trur det er den rette målgruppa å starte med, sidan dei er lettare å lokke enn ein vanleg turist utan vidare mineralkunnskap.



Den nye reiselivssjefen i Nedre Setesdal reisetrafikklag, Jan Albert Haagenes, og mineral ekspert og kommunegeolog i Iveland, Kjell Gunnufsen, reklamerte for Iveland og Evje som gode reisemål for mineralinteresserte.

Imponerte tyskarane

Utstillinga frå Setesdal imponerte både gjestene og messearrangørane. Eigentleg hadde dei berre råd til å leige ei lita stand på 9 m², men arrangøren syntest det var så interessant at dei kom at dei fekk heile 35 m² utan å måtte betale for det.

På nabostanden stod Bode Verlag, eit stort forlag som spesialiserer seg på mineral. Dei meiner nedre Setesdal er eit spennande område for geologi- og mineralinteresserte, og har difor via plass til området i bladet "Mineral im Welt".

— Dette er første gongen vi gjer eit slikt samordna framstøt for å reklamere for mineral i Setesdal. Vi har aldri hatt eit så tett samarbeid. No er vi spent på kva resultat det får til sommaren, det blir første sesongen vi får merke effekten, seier Per Svein Holte.

Utsendingane til messa var prosjektansvarleg Per Svein Holte, Olav Revheim, som jobbar med å tilrettelegge gruvane, Kjell og

Kjellaug Gunnufsen, mineralentusiastar i Iveland, Ronald Werner, mineralansvarleg i Setesdalsmuseet, og Harald Vidnes frå Slobrekka gruve.




Kjellaug Gunnufsen representerte Setesdal på beste måte, og vakte oppsikt både med stakken og mineral.



Geologiforeininga i Kristiansand var også på tur med 25 mann til messa. Dei har mange medlemmer frå Iveland, og her er tre av dei; Ingrid Aanestad (f.v.), Finn Ole Honnemyr og Solveig Heldal. Finn Ole hadde sikra seg ein juvel som kosta han eit par dagslønner frå Mesta.



Utsendingane frå Setesdal hadde med seg mineral til ein verdi av til saman 1,2 mill. kr som dei stilte ut på den store mineralmessa i Hamburg.



Geologen Ronald Werner er mineralansvarleg i Setesdalsmuseet, og det var han som sette saman utstillinga frå Setesdal på Hamburg-messa.

16.12.2005

20.11.2005